



Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3065 - 19/3697

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
31.01.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 61/16 Skotsund

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 61/16
Tiltakshavar: Nina Gjesdal
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.10.2018. Det er søkt om legalisering av tilbygg i form av terrasse på 34m² samt søknad om frittliggande bod ved bustaden sin fasade sørøst.

Tilbygg i form av samanhengande terrasse (eksisterande terrasse på 148,4m² + omsøkte terrasse på 34m²) er ein samla konstruksjon og søknadspliktig med ansvar i sin heilhet, sjølv om kun delar av den eksisterande terrassen er 0,5m over ferdig planert terreng. I vår sak vert det samla tilbygg 148,4 + 34 = 182,4m² BYA. Vi har sjekka løyve til fritidsbustad i sak 1982/1095 og fasadeteikningane. Dette er dei same teikningane som er sendt inn ved søknad om ferdigattest for hytta som var gjeve 05.03.2014. Terrasse er ikkje vist på teikningane:



Vi har sjekka «Norge i bilder» med bilete frå Lindås 2009:



Bilete frå 2009 viser at det har vore opparbeida uteareal hovudsakleg på terreng utan søknadsplikt.

Vi har samanlikna med bilete frå Nordhordlandskart frå 2015:



Bilete frå 2015 viser at det har skjedd ein endring. Kommunen legg til grunn at deler av terrassen med utvidinga no ligg meir enn 0,5m over ferdig planert terreng. Tiltaket er ikkje omsøkt.

Vi kan ikkje finne løyve til eksisterande terrasse slik den er synt på innsendt situasjonskart i noverande søknad, datert 04.10.2018, i våre arkiv.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er no to ulike alternativ som gjer seg gjeldande:
 - a. Lovlegheita av den eksisterande terrassen må synleggjerast i eit vedtak frå kommunen.
 - b. Heile terrassen, som ein samanhengande konstruksjon, kan det søkast om til kommunen . Tiltaket er ansvarbelagt, men kommunen har i dykkar sak vurdert at tiltaket kan fritas for ansvar.
2. Ved søknad om løyve, må det foreleggje nabosamtykkje frå gbnr 61/17 og 61/1, då deler av terrassen er nærare nabo enn 4 meter, sjå vedlagte skjema. Eventuelt må det søkjast dispensasjon frå avstandskravet, jf. pbl. § 29-4.
3. Dersom bod på fasade mot sørvest er riven, ber vi om å få tilsendt foto på at boden er fjerna.

Til orientering, så er bod på 17,7m² er frittstående og plassert 7,5m og 9,6m frå nabogrense samt mønehøgde på 3,5m. Bodden er ikkje søknadspliktig, jf. SAK §4-1. Det skal sendast meldeskjema om tiltaket til kommunen, sjå vedlegg.

Det er opplyst at dei samla tiltaka på eigedomen er innafor utnyttingsgraden på 20%. Kommunen legg opplyst arealregskap til grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 22.02.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Delta Bolig Prosjektering AS
Nina Gjesdal

Grøvlesvingen 29 5108
Haukedalsveien 69 5113
A

HORDVIK
TERTNES

Mottakrar:

Delta Bolig Prosjektering AS
Nina Gjesdal

Grøvlesvingen 29 5108
Haukedalsveien 69 5113
A

HORDVIK
TERTNES